HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

**Økonomiavdelinga**

Eigedomsseksjonen

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) 201201663-1/171/MSOG
Dykkar ref.:
Bergen, 09. februar 2012

## Overføring av Valen Kraftverk AS sin kraftstasjon frå 1939

Vedlagt følgjer avtale mellom Valen Kraftver AS og Hordaland fylkeskommune om kraftstasjonane frå 1907 og 1939.

Det går fram av punkt 2 i avtalen fylkeskommunen skal stå for vedlikehaldet av kraftstasjonane. Eg ber eigedomsseksjonen ta seg av dette arbeidet.

Johnny Stiansen
Økonomidirektør

Besøksadresse: Agnes Mowinckels gate 5 - Postadresse: Postboks 7900, 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 21 - Telefaks 55 23 90 29
Direkte telefon: E-postadresse: okonomi@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

# Avtale

Denne avtale (**"Avtalen"**) er inngått mellom:

(1) **Hordaland fylkeskommune ("HFK")**, org nr. 938 626 367

og

(2) **Valen Kraftverk AS ("VK")**, org nr. 985 383 820

## 1 Avtalen sin bakgrunn

Bakgrunn for denne avtalen er å formalisere overføringa av VK sin kraftstasjon frå 1939 på Valen i Kvinnherad kommune til HFK. Denne kraftstasjonen frå 1939 har g. nr 195, b.nr. 94. I tillegg til sjølve kraftstasjonen skal ein del av trykkrøyret/røyrgata som fører ned til kraftstasjonen, overførast til HFK.

I tillegg til kraftstasjonen frå 1939 omfattar denne avtalen også den gamle kraftstrasjonen frå 1907. Denne kraftstasjonen står alt på fylkeskommunen sin eigedom – g.nr. 185, b.nr. 2 – og skal såleis ikkje overførast frå VK til HFK.

Før HFK overtar ansvaret skal VK utføre naudsynt arbeid knytt til utflytting og opprydding Dette gjeld kraftstasjon frå 1939 og trykkrøyr/røyrgate.

## 2 HFK sine rettar og pliktar

HFK får med dette ansvaret for at bygningane vert drifta i tråd med føremålet og at naudsynt vedlikehald vert gjennomført. HFK skal utarbeide ein plan for framtidig drifts- og vedlikehald som er eigna til å sikre oppfølginga av dei to kraftstasjonane og den delen av trykkrøyret som fører ned til stasjonen frå 1939.

## 3 Vederlag for eigedomane

Det skal ikkje betalast vederlag for kraftstasjonane og trykkrøyret/røyrgata.

## 4 Tinglysing

Avtalen kan tinglysast.

Avtalen er laga i 2 originale eksemplar, og partane har motteke kvart sitt eksemplar.

| | |
|---|---|
| Bergen, 9. februar 2012 | Bergen, 9. februar 2012 |
| **Hordaland fylkeskommune** | **Valen Kraftverk AS** |
| v/fylkesrådmann Paul M. Nilsen | v/styreleiar Johnny Stiansen |

Vedlegg:Kart




Målestokk 1:1000

Dato: 2010.03.23

Sign: jta

N

KVINNHERAD ENERGI